

10.11.2016

Ivar Are Veen  
Veen 1  
4389 Vikeså

NVE

## **Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for uttak av drikkevatt fra Bjerkreimsvassdraget i Bjerkreim**

Alternativ trase og metode for uttak av drikkevatt frå alternativ 2. Store Myravatn.

Vedlegg 1. Kart over røyrtrase

2. Høgdeprofilidiagram
3. Forslag til røyr diameter
4. Trykktapsdiagram for PE plastrøyr

Har lenge undrast over IVAR IKS sitt forslag til trase fra Store Myravatn: der denne synes å vera unødvendig lang: den støter på hindringar som 2 lakseforande elver, ulike forminner, gravhauger og ikkje minst ein dyr og tidkrevjande byggemetode i form av tunnel som igjen krev transport og deponi av tunnelmasse.

Dei har valgt å gå med tunnel forbi Maudal kraftstasjon langt inn i Store Myravatn i staden for å hente vatn rett etter kraftstasjon.

På distribusjonssida har IVAR IKS røyr som er nedgravd i jorda og søkkt ned på havbotnen til øyane Rennesøy, Finnøy og Kvitsøy. Ser ikkje noko grunn til at dette ikkje er mogleg også på råvannssida. Her er det påkrevd mykje større røyr dimensjonar: men t.d Hallingplast produserer PE røyr opp til 1000 mm i diameter.

Ved bruk av denne type røyr er utbygging av alt. 2 Store Myravatn særdeles interessant fordi:

### **1. Naturleg fall**

Maudal kraftstasjon ligg på kote. 315moh.

Tunnelåpning ved Stølsvatn ligg på kote. 295moh.

Tunnel fra Stølsvatn til Hareland har 135 m fall, så her er nok fall og ta av med tanke på trykkfall i røyr. (Sjå vedlegg 2)

### **2. Låg bygge kostnad**

Middels aktuell trykk-klasse som her kan være aktuell er SDR 33 ( sjå vedlegg )

Prisanslag frå Hallingplast på denne kvalitet er 2000 kr pr. meter eks mva.

Tiltenkt trase vert omtrent 20900 meter, det gir en total pris 41.800.000 kr eks mva.  
Transport kjem i tillegg.

### 3. Kort byggetid

Minst 60 % av rørgata kan søkkjast ned i vatn. Tenkjer i hovedsak på Maudalsvatnet og Birkelandsvatnet (Storavatnet).

Dette kan skje parallelt med graving gjennom Maudal, Espeland og Birkeland.

### 4. Betre utnyttelse av Stølskraft

IVAR IKS har sagt at et vannforbruk på 2500 l/s kan verta ein realitet fram mot 2050.

Ut fra trykktapsdiagramm (vedlegg 4) vil valgt røyr PE 1000 gi eit trykktap på 0,2 m pr 100 m. Då tiltenkt røyrgate er 20900 m, vil dette gi eit trykktap på snaut 42m. Då er me på kote 270 moh.

Herfra er det eit fall fra 75 m ned til stølskraft, som kan brukast å bremse vannmengden etter behov.

Med andre ord vert kraftverket brukt som en strupeventil.

Ved å utnytte eksisterande kraftverk i Stølsvanntunnellen betre, kan IVAR IKS få kompensert noko for det dei må betale « i andre enden» til LYSE som følge av tapt kraftproduksjon for LYSE.

Vannbehov tilsvarende 2500 l/s er i tillegg langt fram i tid, og berre i visse perioder, om det i det heile tatt vil skje.

Den såkalte befolkningsveksten på Nord Jæren og Stavanger har dei siste 2 årå flata kraftig ut.

Mvh Ivar Are Veen

[Skriv inn hilsen]

Data

[Skriv inn avsenderens tittel]

Ivar Are Veen